



Saluton leganto!

Her kjem andre nyhendeletter frå esperantoforbundet i 2025. Det er urolige tider, og ikkje akkurat mindre behov for rasjonell og open kommunikasjon over landegrensar.

Har du ikkje hugsa å fornye medlemskapen, så minnar me om at kontingenten er 390 kroner (og berre 260 kroner viss du er under 35 år). Då får du også medlemsbladet *Norvega Esperantisto* i posten. Betal til bankkonto 9230 33 29058 eller med Vipps til 619938.


Har du tilbakemeldingar, ta gjerne kontakt med bergen@esperanto.no.

Ny bok frå Sten Johansson, med handling frå Noreg

Det er ikkje så ofte det dukkar opp nye bøker på esperanto der handlinga er lagt (delvis) til Noreg. Men nettopp det er tilfellet i Sten Johanssons nye bok *Neŭtrale*, der me følgjer tre unge menneske gjennom krigsåra: Den nordsvenske typografen og kommunisten Ture, motstandsmannen Reidar frå Hønefoss og servitrisa Gullvi, som skjuler ei mørk livshistorie.

Boka gjev ikkje berre interessante personportrett, dette er også ein fin inngang til den skandinaviske historia før og under den andre verdskrigen.

[Du finn ei meir omfattande omtale av boka her.](#)
Og vil du bestille, [kan du kjøpe kjapt frå denne nett-bokhandelen.](#)





Esperantologia konferenco tilgjengeleg i YouTube

Akademio de Esperanto er det leiande organet for språknormering i esperanto-rørsla. Kvart år har akademiet ein digital konferanse rett før jul, og bidraga kan du sjå på YouTube direkte eller i etterkant.

Nokre av temaa er nok for skikkelege nerdar, andre kan passe for eit vidare publikum. I 2024-utgåva kan du m.a. lære meir om omsettinga av *Illiaden* til esperanto, om astrobiologiske faguttrykk og om ulike typar akkusativ.

[Heile spelelista finn du her.](#)

Lær esperanto - bli med på kurs!

Har du selv behov for å friske opp språket? Eller har du venner som du tror kunne ha interesse av esperanto? Da bør du foreslå å delta på NELs nybegynnerkurs våren 2025.

Kurset går på Zoom over fire onsdagskvelder fra kl. 21:00 til 22:00. **Oppstart er onsdag 19. mars.** Kurset koster 200 kr for ungdom (under 35 år), studenter og arbeidsledige, ellers 300 kr. For medlemmer i Norsk Esperanto-Forbund, nye som gamle, er kurset gratis. Vipps til 619938.

Ved interesse fortsetter kurset fire ekstra kvelder fra 22. april uten ekstra kostnad. Du snakker ikke flytende esperanto etter fire uker, men du får en smakebit av språket og kulturen og et godt grunnlag for å lære mer. Ved interesse blir det oppfølgingskurs videre ut over høsten. Kursansvarlig er profesjonell tolk og oversetter Marianne Lund.

Påmelding og info: Send en e-post til kurs@esperanto.no. Er du alt medlem er alt gratis, hvis ikke, send kurskontingenten på Vipps til 619938, eller meld deg inn i forbundet.



Norsk Esperanto-Forbund, Olav Schous vei 18, 0572 OSLO. inform@esperanto.no, +47 92922355